



**Vik kommune**  
Oppvekst  
6891 VIK I SOGN

330.00	
SAKSBEH:	SIGN:
SAKSDR. 2004/04/69	

Gradering: A

Det kgl. barne- og familiedept.  
Postboks 8036 Dep

-074.

0030 OSLO

VIK I SOGN, 27.12.04

Saksnr.  
03/01203-004

Arkivkode  
A1 & 13

Avd/Sek/Saksb  
OPP/OPP/KB

Dykkar ref.

## NY BARNEHAGELOV - HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ VIK KOMMUNE

Vik kommune viser til høyringsnotat av 09.11.04 med frist til å koma med fråsegn 10.01.05. Fråsegna nedanfor er utarbeidd av administrasjonen, og vil i første møte i hovudutvalet for oppvekst bli teken opp som sak og ettersendt dykk.

*Vik kommune stottar framlegget om å føra vidare føremålsparagrafen, like eins at innhaldet i barnehagen kjem meir poengtert fram i høve til no gjeldande lov og vil tydelegare stå i tråd med samfunnet omkring barnehagen til ei kvar tid.*

*Med omsyn på medverknad frå barn og foreldre vil Vik kommune helsa velkomen at borna no vert tekne med på råd i utforminga av barnehagane, like eins vil me støtta at modellen med det felles samarbeidsutvalet for barnehage og skule vert vidareført.*

*Vik kommune ser også positivt på den endra lovteksten på godkjenningssplikt og presiseringar i høve til ansvaret som kviler på barnehageeigaren. Når ansvaret kviler tungt på kommunen som tilsyns- og godkjenningssmynde, må kommunane setjast i stand til å ta dette ansvaret. Dette spørsmålet har med kvalitet i alle ledd å gjera.*


*Sidan sjølve målet med lovendringa er begrunna ut frå kvalitetsheving, stiller Vik kommune eit stort spørjeteikn ved at dei gjeldande normene for bemanning og arealbruk vert oppheva. Kommunen vår er innforstått med at den lokale kommunale handlefridommen i sektoren vert auka ved å fristilla den enkelte kommune, men det kan fort gå på bekostning av kvalitet både i innhald og fysisk miljø i økonomisk vanskelege tider. Skal barnehagane framleis ha eit høgt kvalitativt innhald, må den pedagogiske kompetansen vera til stades i minst like høg grad som i no gjeldande lov både på styrarnivå og ute på den einskilde avdelinga. I forslag til lovtekst (pkt 11.2.6) ligg alternativ B tettast opp mot det Vik kommune meiner må gjelda i morgondagens barnehage.*

*Også i høve det øvrige personalet i barnehagen legg loven opp til å ta bort kompetansekrav og normer for talet på born per vaksen i barnehagen. Sidan den førre "Lov om barnehager" frå 1995 vart vedteken, ser me ei utvikling på at gjennomsnittsalderen på borna har gått ned utan at vaksentettleiken har auka, men snarare har vorten mindre. Vik kommune kan akseptera at den einskilde barnehagen kan utvisa lokalt skjønn - men då innanfor konkret avgrensa rammer. Den nye loven må sikra at barnegruppene ikkje vert for store. Det må som*

*no også vera nedfelt i lovteksten kor mange barn som kan vera i barnehagen til ei kvar tid ut frå areal og opphaldstid.*

I følge møteplanen for neste år vil Oppvekstutvalet i Vik kommune ha møte den 17. januar og denne saka vil då bli lagd fram for politisk handsaming. Eg ettersender vedtaket så snart det er praktisk mogeleg.

Med helsing

  
Kjell Bergfjord  
Oppvekstsjef

Kopi - barnehagane  
- oppvekstutvalet i Vik kommune